



Frå plan til handling

Webinar 30.09.2022



Lom

Program for storbyrettet forskning – Oslo kommune

Storbyenes samfunnsplanlegging

Sluttrapport

Dato: 30.08.2018



Kommunesektorens organisasjon/KMD

FORHOLDET MELLOM KOMMUNEPLANENS HANDLINGSDEL OG ØKONOMIPLANEN I ET VELFUNGERENDE KOMMUNALT PLANSYSTEM

Dato: 29.01.2018

*www.asplanviak.no

Veiledningsnotat

Veien fram mot en bedre kobling mellom samfunnsplan og økonomiplan



Foto: iStock

FoU-prosjekt for KS Kommunesektorens organisasjon
(nr. 204024)

GEVINSTREALISERING I BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANARBEIDET

4. OKTOBER 2021

Referansar

Planstrategi for Lom kommune 2019

Samfunnsdelen sin funksjon som styringsverktøy i plansystemet skal tilleggjast stor vekt. Kommunestyret skal bruke planen til å formulere og vedta overordna politiske mål og strategiar for kommunen og administrasjonen skal levere tenester som er i tråd med desse. Samfunnsdelen må vere oppdatert og skal som hovudregel rullerast kvar kommunestyreperiode.

Arealdelen skal vere underordna samfunnsdelen sine overordna prioriteringar og mål – arealdelen er samfunnsdelen sin arealrelevans.

Økonomiplanen skal vere handlingsdel til samfunnsdelen – økonomiplanen er samfunnsdelen sin økonomirelevans.

Det er eit mål å redusere talet på kommunedelplanar og temaplanar, og heller trekke mål og tiltak frå desse planane inn i samfunnsdelen og økonomiplanen.

Lovgrunnlag

Kommunelova § 14-4

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og [bygningsloven § 11-1](#) fjerde ledd

Plan- og bygningslova § 11-1

Økonomiplanen etter [kommuneloven § 14-2](#) bokstav a kan inngå i eller utgjøre handlingsdelen

Lovgrunnlag

Kommunelova § 14-4

Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, ***mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.***

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på [...]

Plan- og bygningslova § 11-3

Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og ***konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.***

Gjeldande samfunnsplan frå 2016

Folkehelse

- Helse
- Barn og unge
- Levekår
- Friluftsliv

Næring og samfunn

- Landbruk
- Næringsutvikling
- Tettstadsutvikling
- Transportplanlegging
- Bustadbehov

Klima og miljø

- Beredskap
- Samfunnssikkerheit
- Naturmangfald
- Kulturminne
- Vassområdeforvaltning

Overordna mål - folkehelse:

Skape samfunnsmessige føresetnader for ei god helse på like vilkår for heile befolkninga.

Oppvekst er fundamentet for barn og unge når det kjem til kunnskap, holdningar og ferdigheitar. Om barn og unge får realisert seg sjølv til det beste for samfunnet og seg sjølv, vert grunnlaget for eit samfunnsaktivt vaksenliv lagt. Ein håpar at resultata vil visast i framtidige undersøkingar, både ungdata og folkehelseprofilar.

Ei forbetring av levekår skal vera eit bærande element i kommunens planlegging og arbeid. På sikt håpar ein at dette vil synast i folkehelseoversiktene.

Friluftsområda i kommunen skal vere tilgjengeleg for innbyggjarane.

Innbyggjarane i kommunen er ei fellesnemning på alle som er busett i kommunen. Barn, unge, flyktningar, tilflyttarar, vaksne og eldre.

Slik vil vi ha det:

Slik gjer vi det:

HELSE

Satsing på helsefremmande og førebyggjande tiltak

- o Integrere «helse-i-alt»-tanken i planlegginga.
- o Bruke rapporten «Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer» aktivt i arbeidet omkring planlegging.
- o Fokus på sunt kosthald, fysisk aktivitet, fysisk og psykisk helse.
- o God samordning og godt samarbeid mellom tenestane og etatane.

Fokus på livsstilsendringar hos innbyggjarane

- o Lom Frisklivssentral bidrar med “hjelp til sjølhjelp” til dei som har motivasjon og har lyst til å gjere ei livsstilsendring.
- o Tilby gode kommunale tenester.

Gode velferdstenester

- o «Inn på tunet» i Lom og Skjåk, som kan tilpassas ulike brukargrupper med utfordringar knytt til både psykisk- og fysisk helse.

Handlings- og økonomiplan 2021 og 2022

Temastruktur i samfunnsplanen er brukt som disposisjon for handlings- og økonomiplanen

...men heller ikkje meir enn det....

Kommuneplanens samfunnsdel

2022-2034

Lom kommune



Lom




Satsingsområda

Kommunen leverer tenester på eit breidt spekter av område. Kommuneplanen kan vise alt dette, men gjennom denne revideringa har det vore eit mål å tørre og ta valg kring kva Lom skal konsentrere seg om i tida framover.

Å ta slike valg betyr ikkje at ein ikkje skal levere gode tenester på alt det andre, men at ein tek bevisste valg på kva det er ekstra viktig å arbeide med framover.

Gjennom innspelsrunder blant innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, kommunestyret og tilsette i kommunen er det nokre tema som har peika seg ut. Dette er i kommuneplanen samla i tre satsingsområde som saman skal gje retninga for Lom i planperioden.



Berekraft

Om satsingsområdet berekraft


Klima og miljø er viktig for verda, Europa, Noreg og derfor også for Lom. Utslepp, forsøpling og nedbygging av natur og jordbruksareal bidreg til utfordringar både globalt og lokalt. Det blir stilt krav til verksemdar og forvaltning for korleis planlegging og utvikling kan skje på ein mest mogleg miljøvenleg måte som tener naturen, oss og dei som kjem etter oss.

Berekraft handlar også om å sikre økonomisk tryggleik for menneske og samfunn. Økonomisk utvikling bør skje gjennom grøn vekst, som sikrar folk sine behov, og samtidig held seg innafor det naturen tåler.

Berekraft knyttest også til sosiale forhold. Alle menneske har rett på eit anstendig liv: Utdanning, anstendig arbeid, likestilling, kulturelt mangfald og godt helsetilbod.

HOVUDMÅL

1. I Lom kommune skal omsynet til klima og miljø ligge til grunn for forvaltnings- og utviklingsarbeid.
2. Lom kommune skal sørge for ei berekraftig forvaltning av økonomi og ressursar for å sikre gode tenester til innbyggjarane.
3. Lom skal vere eit sosialt berekraftig lokalsamfunn.



DELMÅL

1 I Lom kommune skal omsynet til klima og miljø ligge til grunn for forvaltnings- og utviklingsarbeid.


- 1.1 Det skal vere ein auka grad av gjenbruk og bruk av miljøvenlege materialar.
- 1.2 Energiforbruket i kommunen skal reduserast.
- 1.3 Graden av attvinning i den kommunale avfallshandteringa skal aukast.
- 1.4 Det skal utarbeidast klimarekneskap for den kommunale tenesteproduksjonen.
- 1.5 Lom skal behalde sin nasjonale posisjon innafør berekraftig reiseliv.
- 1.6 Lom skal behalde sin nasjonale posisjon innan berekraftig beitebruk i landbruket.
- 1.7 Det skal gjennomførast klima- og miljøtiltak i landbruket.
- 1.8 Ei berekraftig rovviltforvaltning skal ta omsyn til beitenæringa.
- 1.9 Vi skal ha ei medviten haldning til forvaltning av areala i kommunen, som balanserer omsyna til bruk og vern.
- 1.10 Beredskapen skal styrkast for å takle større og hyppigare naturhendingar.

2 Lom kommune skal sørge for ei berekraftig forvaltning av økonomi og ressursar for å sikre gode tenester til innbyggjarane.

- 2.1 Lom kommune skal ha eit nivå på tenesteproduksjonen i tråd med den demografiske utviklinga.
- 2.2 Kommunen skal ha eit nivå på investeringar som legg til rette for ein framtidsretta, effektiv og forsvarleg tenesteproduksjon.
- 2.3 Kommunen skal ha ei langsiktig forvaltning av kraftinntektene.
- 2.4 Kommunen skal ha ei berekraftig forvaltning og utvikling av den kommunale eigedomsmassen.
- 2.5 Kommunen skal utnytte handlingsrommet som ligg i tillitsreforma til å utvikle det kommunale sjølvstyret, og vi arbeider for mindre statleg detaljstyring og rapportering.
- 2.6 Kommunen skal utnytte moglegheitene som ligg i digitalisering for å utvikle tenester.
- 2.7 Bemanningsplanlegginga i kommunen skal legge til rette for at arbeidstakarar går i heile stillingar.

3 Lom skal vere eit sosialt berekraftig lokalsamfunn.

- 3.1 Lomssamfunnet skal vere kjenneteikna av at innbyggjarane har god tillit til samfunnet, kvarandre og forvaltninga.
- 3.2 I Lom skal det vere tilgang på arbeid, utdanning og gode nærmiljø.
- 3.3 Dei som bur i Lom skal føle at dei høyrer til i loms-samfunnet.
- 3.4 Innbyggjarane skal oppleve tryggleik.





Premissar

- ✓ Måla i samfunnsplanen skal realiserast i eit 12-års perspektiv
- ✓ HØP er handlingsdel ikkje berre til samfunnsplanen men til alle kommunedelplaner og temaplaner.
- ✓ HØP skal ha ein samla mål- og tiltaksoversikt.
- ✓ Samfunnsplanen er spissa. Det vil seie at målformuleringane i planen ikkje dekker heile den kommunal verksemda. Av den grunn vil HØP kunne innehalde tiltak som ikkje relaterer seg direkte til vedtekne mål.

Matrise for samla mål- og tiltaksoversikt

	Tiltak som har økonomisk virkning	Tiltak som ikkje har økonomisk virkning
Tiltak for å oppfylle vedtekne mål	Styrking av tenester Nye tilbod Ny infrastruktur Investeringar	Nye måtar å gje tenester på innafor uendra rame Effektivisering for å gje betre/meir tenester Pågåande tiltak innafor eksisterande ramme
Tiltak/førehald/endingar som ikkje relaterar seg til vedtekne mål	Effektivisering/innsparing for å bedre balansa (ostehøvel) Aktivitetsreduksjon Auka inntekter Bruk av fond	

Innanfor grønn rute finn ein tiltak som normalt høyrer heime i ein handlingsdel til kommuneplanen. Innanfor rødt rute finn ein tiltak som normalt høyrer heime i ein økonomiplan. Samla mål- og tiltaksoversikt integrerer på denne måten kommuneplanen sine behov for å oppfylle kommunen sine vedtekne mål og økonomiplanen sine behov for balansering av aktivitet/utgifter mot tilgjengelege inntekter.

Samla mål- og tiltaksoversikt

Berekraft		2023	2024	2025	2026	D/I	Ansvar
1	I Lom kommune skal omsynet til klima og miljø ligge til grunn for forvaltnings- og utviklingsarbeidet						
1.1	Det skal vere ein aukande grad av gjenbruk og bruk av miljøvenlege materialar						
1.1-A							
1.1-B							
1.2	Energiforbruket i kommune skal reduserast						
1.2-A							
1.2-B							
1.3	Graden av attvinning i den kommunale avfallshandteringa skal aukast						
1.3-A							
1.3-B							
1.4	Det skal utarbeidast klimarekneskap for den kommunale tenesteproduksjonen						
1.5	Lom skal behalde sin nasjonale posisjon innfor berekraftig reiselib						
1.6	Lom skal behalde sin nasjonale posisjon innan berekraftig beitebruk i landbruket						
1.7	Det skal gjennomførast klima- og miljøtiltak i landbruket						
1.8	Ei berekraftig rovdyrforvaltning skal ta omsyn til beitedyra						
1.9	Vi skal ha ei medviten haldning til forvltninga av areala i kommunen, som balanserar omsyna til bruk og vern						
1.10	Bereidskapen skal styrkast for å takle større og hyppigare naturhendingar						
1.10-A	Sikringsarbeid Lykkja	15 000 000				Investering	PBM
2	Lom kommune skal sørge for ei berekraftig forvaltning av økonomi og ressursar for å sikre gode tenester til innbygarane						
2.1	Lom kommune skal ha eit nivå på tenesteproduksjonen i tråd med den demografiske utviklinga						
2.2	Kommunen skal ha eit nivå på investeringar som legg til rette for framtidsretta, effektiv og forsvarleg tenesteproduksjon						
2.2-A							
2.3	Kommune skal ha ein langsiktig forvaltning av kraftinntektene						
2.4	Kommune skal ha ei berekraftig forvaltning og utvikling av den kommunale eigedomsmassen						
2.4-A	Påkost kommunale bygg	1 000 000				Investering	KOM
2.4-B	Enøk ljøskjelder/energivenlege ljø	500 000	500 000	500 000	500 000	Investering	KOM
2.4-C	Ladestasjon for el-bil. Eigenandel med ekstern finansiering	250 000					
2.4-D							
	Kommunen skal utnytte handlingsrommet som ligg i tillitsreforma til å utvikle det kommunale sjølvstyret, og vi arbeidar for mindre statleg detaljstyring og rapportering						
2.6	Kommunen skal utnytte moglegheitene som ligg i digitalisering for å utvikle tenester						
2.6-A	Investeringar for digitale løysingar	400 000	400 000	400 000	400 000	Investering	ADM
2.6-B	Oppgradering av læringsbrett og anna digitalt utstyr til pedagogisk bruk ved Loar barneskule og Lom ungdomsskule		200 000			Investering	LOS
2.6-C	Investering Regiondata	260 000	260 000	260 000	260 000	Investering	ADM
2.7	Bemanningsplanlegginga i kommunen skal legge til rette for at arbeidstakarar går i heile stillingar						
2.7-A							
3	Lom kommune skal vere eit sosialt berekraftig lokalsamfunn						
3.1	Lom kommune skal vere kjenneteikna av at innbygarane har god tillit til samfunnet, kvarandre og forvaltninga						
3.2	I Lom skal det vere tilgang på arbeid, utdanning og gode nærmiljø						
3.3	Dei som bur i Lom skal føle at dei høyrer til i lomssamfunnet						
3.4	Innbygarane skal oppleve tryggleik						
	Tiltak som ikkje relaterar seg til vedtekne mål						
	Bil vaktmeister tenesta	450 000				Investering	KOM
	Bil VA	350 000					

Oppsummert

- ✓ Oppdatert samfunnsplan
- ✓ Tydelege målformuleringar og målstruktur i samfunnsplanen
- ✓ HØP skal ha ein samla mål- og tiltaksoversikt
- ✓ HØP er handlingsdel ikkje berre til samfunnsplanen men til alle kommunedelplaner og temaplaner